

Reguleringsplan

Fv. 609 Heilevang

Arealplan-ID

Sunnfjord kommune 464720200009

Askvoll kommune 46452020001

Føresegner



Vedtaksdato

Sunnfjord kommune:
KOM 061/22 dato 25.05.2022
Askvoll kommune:
KOM 030/22 dato 24.05.2022

Høringsutkast planendring

Reguleringsføresegner for Fv. 609 Heilevang

Plan-ID:	Sunnfjord kommune: 4647-20200009 Askvoll kommune: 4645-2020001
Oppretta dato	01.12.2021
Revidert dato	26.05.2022 01.11.2024
Vedteken dato	Sunnfjord kommune: 25.05.2022 Askvoll kommune: 24.05.2022

Planen har tre vertikalnivå: 1) Under grunnen (tunnel), 2) På grunnen og 3) Over grunnen (bru).

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartserie 1 teikning 1-8 og plankartserie 2 teikning 9-13.

Nummerering på plankarta går frå vest til aust. I Rørvika og Hestvika går nummerseriane frå 1-50 og på Heilevang går nummerseriane frå 50-100. Der det ikkje er markert at formålet gjeld for vertikalnivå 1 eller 3, gjeld formålet areal på vertikalnivå 2. Omsynssoner er vist på eige kartserie (kartserie 2), med unntak av høgspenst som inngår i planen etter utbygging av ny tunnel.

1 Hensikta med planen

Planarbeidet si hovudmålsetting er å skaffe formelt vedtak etter plan og bygningslova for å kunne gjennomføre bygging av skredsikringstunnel mellom Hestvika og Heilevang i Askvoll og Sunnfjord kommunar. Planen skal også legge til rette for å plassere overskot av tunnelstein i deponi både på Heilevang, Hestvika og i Rørvika.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

Byggjeregner. Der byggegrensar ikkje er vist på plankartet, gjeld reglane i veglova. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, inkludert bygg som inngår i samferdselsanlegget, kan etablerast innanfor byggegrense vist til i veglova.

Sunnfjord og Askvoll kommunar

Avkøyrslar. Permanente landbruksavkøyrslar frå offentleg veg og frå felles veg f_SKV58 er vist med pil på plankartet. Plassering av midlertidige anleggsavkøyrslar vert fastsett i byggeplan.

Dimensjonering av anlegg for flaum, overvatn, dreinsvatn, spillvatn. Bekkelukkingar, bekkeomleggingar, bekkegjennomføringar, innløpskonstruksjonar og stikkrenner skal dimensjoneraast for vassføringar tilsvarande 200-års flaum eller 200-års nedbørsintensitet, med tilrådd tryggleiksmargin (klimafaktor 1.4).

Eksisterande vatn- og avlaupsanlegg, samt landbruksdrenering som kan ventast å bli rørt av tiltaket, skal kartleggast før anleggsstart. Ved behov for omlegging av vatn- og avlaupsleidningar, skal midlertidige løysingar vera sikra.

Kulturminne. Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planperioden vert oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast straks og regional kulturmynde skal varslast, sjå lov om kulturminne §8, 2.ledd.

Formingsrettleiar. Det skal føreligge ein enkel formingsrettleiar som skal gje føringar for estetisk utforming og landskapstilpassing av veganlegget med tilhøyrande terrenghandsaming, konstruksjonar (murar, tunnelportal og liknande) og tekniske installasjonar. Arkitektonisk kvalitet og heilskap samt tilpassing til kulturlandskapet skal leggjast vekt på i prosjektet. Formingsrettleiaren skal utarbeidast i samband med byggeplanen.

All jord skal takast i vare, handterast når det gjeld lagring (i rankar) og tilbakeførast. **Matjord** skal takast vare på og nyttast vidare til jordbruksføremål. Alle område med jordbruksareal som vert forstyrta av anleggsdrift, skal planerast slik at det vert lagt til rette for landbruksdrift igjen etter endt anleggsperiode. Dette skal følgjast opp i plan for ytre miljø, YM-plan. Det skal i samband med detaljplan for anleggsverksamheita utarbeidast særskilt plan for handtering av matjord innanfor anleggsområdet.

YM-plan skal utarbeidast i samband med byggeplanen. Tiltakshavar skal sørge for at relevante tiltak som er omtala i planen, vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga. Tiltakshavar skal sørge for at det føreligg ein rigg- og marksikringsplan som særleg sikrar kulturmiljø og naturverdiar /-mangfald som ligg tett på anleggsgrensa, det skal nyttast markeringsband /sikringsgjerde. Område som skal visast særleg omsyn er områda merka H570_1, H570_50 og 51, H730_50, blågrønstruktur merka GBG 50-56 og naturområde merka GN1-3. På Hestvika er det særleg viktig med markeringsband mot Sagevatnet, Sagelva og naturtype nord for anleggsgrensa (deponi Hestvika nord, #5). På Heilevang er det særleg viktig med markeringsband mot naturtypelokalitet nord for deponi (#55). Tiltak omtala i YM-planen skal leggjast til grunn for byggeplan og utbygging av veganlegget.

Landskapsplan. Det skal utarbeidast landskapsplan for tiltaket som del av detaljprosjekteringa. Arbeidet skal utførast av fagperson. Landskapsplanen skal vera eit førande dokument for oppbygging og ferdigstilling av planområdet, og skal inngå som ein del av kontrakt med utførande entreprenør.

Eksisterande vegetasjon skal takast i vare i størst mogleg grad.

Framande skadelege artar innanfor tiltaksområdet skal handterast i tråd med gjeldande forskrift for framande artar. Parkslirekne er registrert i planområdet, og massar infisert med arten skal handterast etter tiltak skildra i plan for ytre miljø (jf. Naturmangfaldlovas kapittel IV. Fremmede organismer, § 28 (krav til aktsomhet)).

Støy. Det er utført støyberegninger iht. retningslinje T-1442/2016 for dagens situasjon i 2020 og for framtidig situasjon i år 2044 med ny veg-geometri. Det er fem bustader og ein fritidsbustad som vil ligge i gul sone pga. reguleringsplanen. I byggeplanen må desse seks støyfølsame bygningane vurderast mht. lokale støytiltak.

Gamal fylkesveg. Innanfor plangrensa vert gamal fylkesveg regulert til LNF-formål på Hestviksida. På Heilevang blir del av gamal fylkesveg som ligg innanfor plangrensa regulert til privat veg.

Ureina massar. Massar som er ureina, til dømes av plast frå sprengingsarbeid eller botnreinskmassar, og inneheld forureining over normverdien i forureiningsforskrifta kap. 2, skal ikkje nyttast i veganlegget, men må leverast til godkjent mottak.

3 Føresegner for arealformål

Bygningar og anlegg

- Bustader- frittliggjande- småhus, anna eigarform (BFS)
- Fritidsbusetnad (BFR)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg, anna eigarform (SKV), felles (f_SKV), offentleg (o_SKV)
- Gangveg/gangareal/gågate, offentleg (o_SGG)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg, offentleg (o_SVT)
- Annan veggrunn – grøntareal, anna eigarform (SVG), felles (f_SVG), offentleg (o_SVG)
- Kollektivhaldeplass, offentleg (o_SKH)
- Parkeringsplassar, offentleg (o_SPA)
- Sikringsanlegg, offentleg (o_SSA)

Grøntstruktur

- Naturområde, anna eigarform (GN)
- Turdrag (GT)
- Blågrønnstruktur, anna eigarform (GBG)
- Vegetasjonsskjerm, offentleg formål (o_GV)

Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd baser på ressursgrunnlaget på garden, anna eigarform (L)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- Naturområde i sjø og vassdrag, anna eigarform (VNV)
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, anna eigarform (VFS)

Omsynssoner:

- Frisiktzone (H140)
- Andre sikringssoner (H190)
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)
- Anna fare (H390)
- Bevaring kulturmiljø (H570)
- Bandleggingssone kulturminnelova (H730)

Føresegningsområde:

- Mellombels bygge- og anleggsområde (#1-12, #50-55)

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

Formålet gjeld bustader (BFS1-2) og fritidsbustader (BFR1-3) innafør planområdet.

Nye bygningar skal vise god terrengtilpassing og godt samspel med omkringliggende busetnad i uttrykk, materialbruk og volum.

Frittliggende garasje /anneks/uthus skal ha gesimshøgde maks 3,5 meter, og skal vera tilpassa bustadhuset /fritidsbustad med omsyn til materialval, form, farge og storleik.

3.1.1 Bustader frittliggjande småhus, felt BFS (1111)

Områda skal nyttast til frittliggjande småhus.

For område BFS1 skal grad av utnytting ikkje overstige %-BYA = 30 %. Maksimal mønehøgde er 9m. BFS1 har tilkomst via f_SKV6, felles veg. Byggegrenser som vist på plankart, 15 meter frå midt veg, 4 meter frå eigedomsgrense mot BFS2 og 1,5 m mot LNF område sør for eigedom. Sjå planteikning for byggegrense mot vest.

Innanfor BFS1 skal det leggjast på masser på kvalitetsfylling for å jamne ut terrenget. Tiltaket gjeld bakkeplanering av hage.

For område BFS2 skal grad av utnytting ikkje overstige %-BYA = 30 %. Maksimal mønehøgde er 9m. BFS2 har tilkomst via SKV9. Byggegrenser som vist på plankart, 15 meter frå midt veg, 4 meter frå eigedomsgrense mot BFS1 og BFR1 og 1,5 m mot LNF område sør for eigedom.

3.1.2 Fritidsbustader, felt BFR (1120)

Områda skal nyttast til frittliggjande fritidsbustader. Maksimal mønehøgde er 6m. På kvar tomt kan plasserast fritidsbustad med inntil to uthus/anneks/garasje. Byggegrenser som vist på plankart.

For område BFR1 skal grad av utnytting ikkje overstige %-BYA = 30 %. BFR1 har tilkomst via f_SKV10.

For område BFR2 og 3 skal grad av utnytting ikkje overstige %-BYA = 20 % for kvar enkelt tomt. BFR2 har tilkomst via SKV13. BFR3 har regulert ny tilkomst via SKV14. BFR3 skal ha tilkomst via SKV13 til SKV14 er etablert.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Området omfattar areal til køyreveg, avkøyrslar, gangveg/gangareal, anna veggrunn teknisk anlegg og grøntareal, kollektivhaldeplassar, havarilomme, bruer, portalar, forstøtningsmurar, tekniske bygg, parkeringsplassar, sikringsanlegg m.m. Områda kan nyttast til anleggsverksemd som riggområde, midlertidig lagring av masser og material mm innanfor rammer som går fram av denne planen og der det er trygt i høve ras og skred. Det er tillate å gjerde inn anleggsområda. Anleggsområda skal setjast i stand seinast eitt år etter at ny veg er tatt i bruk.

Vegar og andre veganlegg skal opparbeidast i samsvar med plankartet. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor hovudformålet.

3.2.1 Køyreveg, (SKV)

Formålet gjeld køyreveg, SKV1-14, 16 og SKV50-61. Køyreveg er delt inn i offentleg, felles og anna eigarform (privat).

3.2.1.1 Køyreveg, offentleg (o_SKV)

Områda offentleg veg merka o_ omfattar areal til offentleg køyreveg (vertikalnivå 1, 2 og 3) og skal opparbeidast i samsvar med plan- og profildeikningar (C-teikningane C001-005) og F-teikningane F001-2, 004 og 100.

plankartet. Mindre avvik kan tillatast innanfor hovudformålet samferdselsanlegg.

Som del av o_SKV4 skal det opparbeidast havarilomme med skap og skilt utanfor tunnel i Hestvika. Skap kan plasserast på natursteinsmur i o_SVT1.

Innanfor o_SKV59 (vertikalnivå 3) er det tillate å etablere ny bru med tilhøyrande konstruksjon. Det skal etablerast tiltak for å hindre direkte avrenning til elv ved etablering av ny bru. Det skal leggjast til rette for gangpassasje for grunneigar av gbnr 79/6 under ny bru. Ny bru innanfor SKV59 skal ha høgde underkant bru på minimum kote +20.2 moh. Dersom konstruksjonar (td. brufundament og/eller brupilarar) skal plasserast i flaumsona, skal tilstrekkeleg tryggleik mot flaum dokumenterast, jfr. punkt 4.4 Faresone flaum (H320).

3.2.1.2 Køyreveg, anna eigarform (SKV)

Innanfor SKV60 og SKV61 (vertikalnivå 3) er det tillate å etablere ny bru til landbruksformål med tilhøyrande konstruksjon. Det skal etablerast tiltak for å hindre avrenning til elv ved etablering av ny bru.

Ny bru innanfor SKV60 skal ha høgde underkant bru på minimum kote +16,84 moh. Dersom konstruksjonar (t.d. brufundament og/eller brupilarar) skal plasserast i flaumsona, skal tilstrekkeleg tryggleik mot flaum dokumenterast, jfr. punkt 4.4 Faresone flaum (H320)

3.2.1.3 Køyreveg, felles (f_SKV)

f_SKV2 er fellesveg til jordbrukseigedommane for grunneigarar og rettshavarar.

f_SKV6 er felles for BFS1 og eigar av L11.

f_SKV8 er felles for grunneigarar og rettshavarar.

f_SKV10 er felles for BFR1 og eigar av L11. Det skal etablerast snuplass i enden av SKV10.

f_SKV11 er felles for grunneigarar og rettshavarar, fylkeskommunen skal ha tilkomst til f_SKV12 for drift av overvassleidningar frå veganlegget.

f_SKV12 er felles for grunneigarar og rettshavarar, fylkeskommunen skal ha tilkomst for drift av overvassleidningar frå veganlegget.

f_SKV51 og 52 er felles for grunneigarar og rettshavarar.

Delar av veg f_SKV52 ligg innanfor omsynssone for kvikkleire, H390 (Heilevang). Etablering av regulert tiltak føreset bruk av lett fylling på delar av området, jf. pkt. 4.6 Anna fare (H390).

f_SKV54 og 55 og 58 er felles tilkomst til jordbrukseigedommane og rettshavarar.

Vegeigar av fylkesveg 609 har tilkomst for drift av sikringstiltak, o_SSA50 og 51, via f_SKV54 og f_SKV55.

Eigar av jordbrukseigedom 79/4 har tilkomst til eigedom via fellesvegar, o_SSA51 og o_SSA50.

Eigar av jordbrukseigedom 79/6 har tilkomst til eigedom via fellesveg og o_SSA51.

3.2.1.4 Køyreveg, (SKV)

SKV 13 er privat veg, men fylkeskommunen skal ha rett til tilkomst til teknisk bygg over tunnelportal og til radiomast.

3.2.2 Køyreveg, anna eigarform, privat (SKV)Gangveg/gangareal/gågate, offentleg (o_SGG)

Områda, o_SGG1-3 og o_SGG50-53 omfattar areal til offentleg gangveg og skal opparbeidast i samsvar med C-teikningar.

3.2.3 Annan veggrunn – teknisk anlegg, offentleg (o_SVT)

Omfattar mellom anna grøfter, skjeringar, fyllingar og anna sideterreng. I området kan det først opp anlegg som høyrer til veganlegget, som tekniske bygg, tekniske skap, murkonstruksjonar, natur- og betongmurar, portalar, støyskjermer, driftsvegar, skilt, skiltmaster, gjerder mm.

Det er ikkje løyve til å gjera inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil verte nytta til tilstøytande formål.

Område o_SVT1 og 53 sikrar areal til å sette opp murar knytt til veganlegget og tunnel med portal og tilhøyrande anlegg. Murane, inkludert portal, innanfor områda skal setjast opp av naturstein med høg kvalitet i samsvar med formingsrettleiar.

Tunnelportalar skal ha ein enkel, jamn og dempa utforming. Portalane skal integrerast i tilliggjande konstruksjonar på ein heilskapleg, arealeffektiv og harmonisk måte.

Området o_SVT2 sikrar areal til å sette opp teknisk bygg /radiobygg for tunnelen. Det tekniske bygget er i ein etasje. Bygget skal plasserast i direkte tilknytning til SKV13 mest mogleg integrert i terrenget. Innanfor o_SVT2 skal det etablerast snuhammar.

For område o_SVT3, 4, 5, 6, 50, 51 og 52 i (vertikalnivå 1) er det ikkje tillate å iverksette tiltak som kan forringe tunnelen sin stabilitet, skade tunnelen eller tunnelinnreiinga (til dømes sprenging, peleramming, spunkting, boring, sjakt- og tunneldriving, injeksjon, større utgravingar, fundamentering eller påføring av tilleggslastar) utan løyve frå vegeigar, Vestland fylkeskommune. Sikringssona er 30 60 meter til kvar side, 30 meter oppover og 30 meter under tunnel-løypa i heile tunnelen si lengde langs tunnelen som vist på plankart, 30 meter til kvar side mot begge endane av tunnelen.

Området o_SVT5, 6 og 52 (vertikalnivå 1) sikrar areal til å sette opp teknisk bygg i /for tunnelen. Dei tekniske bygga er i ein etasje.

Området o_SVT55 sikrar areal til teknisk skap og naudsynt skilt.

Område o_SVT56 sikrar areal til å sette opp mur knytt til veganlegget.

Området o_SVT57 sikrar areal til transformatorstasjon.

3.2.4 Annan veggrunn – teknisk anlegg, felles (f_SVT)

Område f_SVT54 sikrar areal til å sette opp mur knytt til veganlegget. Innanfor området skal det av omsyn til områdestabilitet gjennomførast geotekniske tiltak. Etter at dette er gjennomført og overflata er etablert, er det ikkje tillate med ytterlegare avgraving eller oppfylling. Etablering av regulert tiltak føreset bruk av lett fylling på delar av området jf. pkt. 4.6 Anna fare (H390).

3.2.5 Annan veggrunn – grøntareal, anna eigarform (SVG)

Formålet er delt inn i offentleg, felles og anna eigarform.

3.2.5.1 Annan veggrunn – grøntareal, offentleg (o_SVG)

Anna veggrunn – grøntareal er offentleg veggrunn som sikrar etablering av offentleg veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar, grøfter og liknande. Anna veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombels anleggsvegar og mellombels massedeponi.

Det er ikkje løyve til å gjera inngrep i desse areala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil verte nytta til tilstøytande formål.

Innanfor o_SVG23 skal det leggjast på masser på vegfylling for å jamne ut terrenget.

Innanfor o_SVG36, 37, 41, 52 og 53 er det tillate å etablere byggegrop for tunnelportalar ~~og laumassetunnel.~~

Innanfor o_SVG55 og 58 er det tillate å etablere brufundament med tilhøyrande konstruksjonar. Etter ferdigstilling av bru er det ikkje tillate å utføre gravearbeid, masseforflytting, sprenging eller andre tiltak i grunnen, utan spesiell tillatelse frå anleggseigar, Vestland fylkeskommune. Forbodet gjeld også tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova sin bygningsdel. Bruer skal ha ei enkel, stram og dempa utforming som er tilpassa terreng og bygde omgjevnader.

Innanfor o_SVG55 skal det leggjast til rette for gangpassasje for grunneigar av gbnr 79/6 under ny bru over Heilevangselva.

Innanfor o_SVG55 kan det leggjast på masser på vegfylling for å slake ut landbruksmarka på L51.

3.2.5.2 Annan veggrunn – grøntareal, felles (f_SVG)

Anna veggrunn – grøntareal er felles veggrunn som sikrar etablering av felles veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, mindre murar, grøfter og liknande.

Innanfor f_SVG50 er det tillate å etablere byggegrop for tunnelportalar ~~og laumassetunnel.~~

Delar av området f_SVG51 ligg innanfor omsynssone for kvikkleire, H390 (Heilevang). Etablering av regulert tiltak føreset bruk av lett fylling på delar av området jf. pkt. 4.6 Anna fare (H390).

Innanfor f_SVG57 skal det leggjast på masser på vegfylling for å slake ut landbruksmarka på L54. Massar her er del av deponi Heilevang.

3.2.5.3 Annan veggrunn – grøntareal, anna eigarform (SVG)

Anna veggrunn – grøntareal, anna eigarform, er privat veggrunn som sikrar etablering av privat veg. Områda kan nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, mindre murar, grøfter og liknande.

3.2.6 Kollektivhaldeplass, offentleg (o_SKH)

Områda o_SKH1 og 2 samt o_SKH50 og 51 skal nyttast til kollektivhaldeplass.

3.2.7 Parkeringsplassar, offentleg (o_SPA)

Område o_SPA1 i Rørvika skal nyttast til offentleg parkeringsplass. Hovudføremålet er parkering i samband med merka turløype til Blegja.

3.2.8 Sikringsanlegg, offentleg (o_SSA)

Innanfor o_SSA_50 skal det setjast opp ein konstruksjon med ~~grøn visflate mot veganlegget,~~ kvalitet i samsvar med formingsrettleiaren. For anlegg av mur med synleg visflate mot veganlegg skal det nyttast naturstein av høg kvalitet. ~~Anlegg utan mur mot veganlegg skal ha grøn visflate mot veganlegget.~~ For anlegg som ikkje får synleg

visflate mot veganlegg kan ein nytte stein med lågare kvalitet. Konstruksjon skal fungere som skredsikringstiltak med magasin i bakkant.

Innanfor o_SSA_51 skal det for anlegg med synleg visflate mot veganlegget setjast opp natursteinsmur med høg kvalitet i samsvar med formingsrettleiaren. For anlegg som ikkje får synleg visflate mot veganlegg kan ein nytte stein med lågare kvalitet. Konstruksjon skal både fungere som terrengmur mot fylkesveg og som skredsikringstiltak med magasin i bakkant.

Når det gjeld dimensjonar, høgde mm skal sikringstiltak førast opp i samsvar med rapport 'Skredvurdering i bratt terreng for permanent veg og midlertidig anleggsarbeid,' Asplan Viak 2021. « 24430 Sunnfjord, Heilevang – skredfare og ingeniørgeologiske vurderingar for deler av Fv. 609», Skred AS 29.10.2024». Andre utformingar må ha godkjente skredsikringsvurderingar. Tilgang til sikringstiltaka er via f_SKV54 og 55.

3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr.3)

Formålet gjeld naturområde (GN1-3), blågrøn struktur (GBG 50-56) og vegetasjonsskjerm (GV50-53).

3.3.1 Naturområde (GN)

I område GN er det ikkje tillate med midlertidige eller nye permanente tiltak.

3.3.2 Blågrøn struktur (GBG)

I område GBG skal terreng og vegetasjonsdekke takast vare på og det skal leggjast til rette for kantvegetasjon mot vassdrag. Det er ikkje tillate med midlertidige eller nye permanente tiltak innanfor områda merka med GBG.

Det kan likevel gjerast mellombelse tiltak innanfor mellombels anleggsområde #53, jfr. punkt 5.1.11, dersom det er naudsynt i samband med etablering og riving av bruer over Heilevangselva. I GBG54 kan det gjerast permanente tiltak dersom det er naudsynt i samband med etablering av bru. Tiltak i GBG skal avgrensast i størst mogleg grad. Dersom konstruksjonar (td. brufundament og/eller brupilarar) skal plasserast i flaumsona, skal tilstrekkeleg tryggleik mot flaum dokumenterast, jfr. punkt 4.4 Faresone flaum (H320) SKV59.

3.3.3 Vegetasjonsskjerm (o_GV)

I områda o_GV50-53 skal det etablerast vegetasjonsskjerm for å dempe tiltaket sin verknad på kulturmiljø og kulturlandskap.

3.3.4 Turdrag (GT)

I området GT er det tillate å etablere snarveg /sti på eksisterande veg. Bredde 1.5 m. Dekke grus.

3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

Innanfor områda regulert til landbruks-, natur- og friluftformål, merka L1-L16 og L50-56, er det generelt ikkje tillate å føre opp nye bygningar på grunn av potensiell skredfare. Nokre område er kartlagt, sjå planføresegner under punkt 5.3.

Innanfor delar av formålet er det tillate å anlegga deponi og/eller bakkeplanere på områda merka L1, L4, L11, L15, L51 og L54. Det er i samband med bygging av veganlegget løyve til å gjere inngrep på og nytte dei delane av LNF-områda som er regulert til midlertidig anleggsområde, sjå planføresegner under punkt 5.1.

Delar av områda innanfor L1,L4, L11, L51 og L54 skal planerast, så store areal som mogleg skal kunne nyttast til jordbruksformål etter endt anleggsdrift. Massar som var i området skal leggjast tilbake, det skal ikkje tilførast masser.

Innanfor L1 kan det etablerast avskjerande grøft og elva leggast om permanent.

Det er ikkje tillate med masselagring eller bakkeplanering innanfor den delen av L51 som ligg i omsynssona for kvikkleire, H390, jf punkt 4.6 Annan fare (H390).

Eksisterande fylkesveg innanfor L16 skal sanerast (vert fjerna og lagt ned som offentleg veg).

Vestland fylkeskommune skal ha tilkomst til radiomast, innanfor #12, over L16.

Innanfor område #53 i L51 er det tillate å planere terrenget frå veg til anleggsgrense mot elv med inntil 6 000 m³ anbrakt masse.

Innanfor L-områda kan det ikkje takast ut massar etter at veganlegget er ferdigstilt, utan at det er utført geotekniske vurderingar som dokumenterer tilstrekkeleg områdestabilitet.

3.4.1 Deponi

Områda kan eller skal nyttast til mellombels og/eller permanent massedeponi for overskot av massar frå ny tunnel mellom Hestvika og Heilevang. Før deponiet vert teke i bruk skal matjord leggast til side. Matjorda skal leggast tilbake som topplag på deponia og såast til med tilsvarende frøblanding som på tilgrensande areal.

Deponi i Rørvika: Innanfor deponiområde #2 i L1 er det tillate å heve terrenget i samsvar med landskapsplanen, O-06 med inntil 250 000 m³ anbrakt masse, nedre nivå til kote +46 moh og øvre nivå til kote +60 moh. Det skal utarbeidast ei fyllingsprosedyre før arbeidet tar til.

Deponi Hestvika nord: Innanfor deponiområde #5 i L4 er det tillate å heve terrenget i samsvar med landskapsplanen, O-01 med inntil 135 000 m³ anbrakt masse til kote +28 moh for hovudplatået, samt ytterlegare oppfylling av to kollar til kote +30 og +32 moh.

Deponi Hestvika sør: Innanfor deponiområde #9 i L11 er det tillate å heve terrenget i samsvar med landskapsplanen, O-01 med inntil 35 000 m³ anbrakt masse til kote +32 moh.

Deponi Heilevang: Innanfor deponiområde #55 i L54 er det tillate å heve terrenget i samsvar med landskapsplanen, O-05 med inntil ~~30 000~~ 50 000 m³ anbrakt masse med jamn stigning frå kote + 20 moh til +46 moh.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

Formålet gjeld naturområde i sjø og vassdrag, anna eigarform (VNV50) og friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, anna eigarform (VFS1 og VFS50).

3.5.1 Naturområde i sjø og vassdrag, anna eigarform (VNV)

I område VNV er det ikkje tillate med midlertidige eller nye permanente tiltak, med unntak av tiltak som er naudsynt for å etablere ny bru over Heilevangselva. Dette gjeld både for ny bru innanfor o_SKV59 og SKV60-61.

3.5.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone, anna eigarform (VFS)

Innanfor VFS1 og VFS50 er det berre tillate med inngrep knytt til etablering **og vedlikehald** av overvassleidningar frå tunnel til sjø.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 11-8 jf. § 12-6)

4.1 Frisiktsone (H140)

I området mellom frisiktlinja og køyrebanekant skal det vere fri sikt minst ned til 0.5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikhindrande element fjerna

4.2 Andre sikringssoner (H190)

Omsynssone H190-1 omfattar område med mindre enn 30 m overdekning over og til side for bergtunnel. I områda er det ikkje tillate med tiltak som kan skade underliggande tunnel, som sprenging, peleramming, hullboring i og mot fjell, brønnboring eller fundamentering for påføring av tilleggslastar mot fjell, utan spesielt løyve frå tunneleigar, Vestland fylkeskommune. Forbodet gjeld også tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova sin bygningsdel.

Innanfor H190-1 er det tillate å etablere byggegrop for tunnelportal.

Omsynssone H190-50 omfattar **område med lausmassetunnel og** område med mindre enn 30 m overdekning over og til side for bergtunnel. Gravearbeid, masseforflytning, sprenging eller andre tiltak i grunnen er ikkje tillate, utan spesielt løyve frå anleggseigar, Vestland fylkeskommune. Forbodet gjeld også tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova sin bygningsdel.

Innanfor H190-50 er det tillate å etablere byggegrop for tunnelportal. **og lausmassetunnel.**

4.3 Faresone ras- og skredfare (H310)

Fareområde H310_50 gjeld område for naust merka B på plankartet innanfor L51. Området er utgreia for reell skredfare S1, det er skredfare innanfor sona. Søknadspliktige tiltak på naust kan ikkje gjerast utan risikoreduserande skredsikringstiltak. Sone er vist på eigen plankartserie (plankartserie 2).

Innanfor #52 **og #56** kan ein sette opp midlertidig skredsikringsgjerde **med grøfter** for å sikre byggegrop for tunnelpågogget **og arbeidet med lausmassetunnel.**

Innafor #54 kan det monterast midlertidig bailey-bru over Heilevangselva og voll av lausmasser **eller mellombels fanggjerde** sør for denne som sikring for arbeid på ny bru.

Fareområde H310_1-2 og H310_51-53 er NVE sine aktsemdsområde for steinsprang, jord og flaumskred i tillegg til NGI sitt kombinerte aktsemdskart for snø- og steinskred. Sone er vist på eigen plankartserie (plankartserie 2).

Med unntak av bygningar og tun /tomt, er ingen L område vurdert for reell skredfare. Det er ikkje tillate med tiltak innanfor desse områda utan dokumentasjon på at tilfredsstillande tryggleik mot ras/skred er ivareteke og at

tiltaket ikkje medfører auka skredfare for tredjepart. Dette gjeld også tiltak som ikkje er omfatta av plan- og bygningslova. Farekartlegging skal gjennomførast av fagkyndige.

4.4 Faresone flaum (H320)

Innanfor omsynssone H320 skal nye mellombelse og permanente tiltak etablerast med naudsynt tryggleik mot flaum, jfr. TEK17 kap. 7. Naudsynt tryggleik skal vurderast av fagkyndig og dokumenterast gjennom flaum- og vannlinjeberekningar eller tilsvarande. Nytt terreng /konstruksjonar skal ikkje auke flaumfaren nedstrøms eller oppstrøms tiltaket. Tilstrekkjeleg erosjonssikring skal om naudsynt etablerast.

For nye bruer på Heilevang skal kotehøgde underkant bru ligge i samsvar med høgder vist til i punkt 3.2.1.1 og 3.2.1.2.

For nye bruer på Heilevang SKV59 og SKV60 skal kotehøgde underkant bru ligge i samsvar med høgder vist til i punkt 3.2.1.1 og 3.2.1.2.

I H320_1 i Rørvika skal det utførast flaum- og vannlinjeberekningar og vurdering av områdestabilitet før anleggsstart, jfr. punkt 5.1.2 om mellombels anleggsområde #1 og #2.

4.5 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)

Delar av høgspentanlegget vert føresett lagt i bakken, gjennom ny tunnel. På kartserie 1 omfattar sona eksisterande luftleidningar som vert vidareført. Høgspentanlegg som vert føresett lagt ned ved bygging av tiltaket er vist i eige plankartserie (plankartserie 2). Innanfor ei sone på 30 meter til kvar side frå linja skal tiltak, også ikkje søknadspliktige, godkjennast av linjeeigar.

4.6 Annan fare (H390)

Sona gjeld for område med kvikkleire på Heilevang, H390.

Tiltak innanfor området skal utførast slik at tilstrekkeleg områdestabilitet vert ivareteke. Vurdering av områdestabilitet skal utførast av geoteknisk fagkyndig og dokumenterast, i samsvar med kvikkleirerettleiar, pt. NVE veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred.

Etablering av regulert tiltak knytt til veg SKV52 innanfor sona føreset bruk av lett fylling. Delar av veg f_SKV52, F_SVT54, F_SKV52, o_SVG52 og o_GV50 ligg innanfor omsynssona for kvikkleire, H390 (Heilevang).

Det skal ikkje føregå masselagring i området utan at det er gjennomført geoteknisk utgreiing som dokumenterer tilstrekkeleg områdestabilitet for tiltaket.

Anna bruk eller tiltak skal vurderast på tilsvarande måte i samsvar med kvikkleirerettleiar.

4.7 Bevaring kulturmiljø (H570)

Sona omfattar H570_1, 50, 51, 52 og 53. Omsynet til kulturmiljøet og dei antikvariske verdiane skal vera førande for arealbruken.

Det er ikkje tillate å endre /rive verneverdige bygningar, ruinar, steintrapper, brukar og steingardar innanfor omsynssonene med mindre forfall /skader er dokumentert i eit slikt omfang at bygningen, ruinane, steintrapper, brukar eller steingardane må sjåast på som tapt. Dokumentasjon i form av tilstandsanalyse utforma av fagperson med antikvarisk kompetanse må leggjast ved rivesøknad.

Ved søknad om endring /riving skal det hentast inn uttale frå regional kulturminnemynde.

4.8 Bandleggingssone kulturminnelova (H730)

Automatisk freda kulturminne, kml § 4, er merka H730_50. Det er ikkje tillate med inngrep innanfor bandleggingssona.

5 Føresegner til føresegnssområde (§ 12-7 nr. 1-14)

5.1 Midlertidig anleggsområde (område #1 - #5458)

5.1.1 Generelt

Område med føresegnssområde om anleggsverksemd for veg er tilgjengeleg for anleggsarbeid, med rammer som er omtala under. Innanfor områda er det tillate med naudsynt terrenghandsaming, dreneringstiltak, mellomlagring av masser, bygging av midlertidige anleggsvegar, lokale riggar for konstruksjonar med tilhøyrande anlegg mm.

Innanfor områda er det ikkje tillate med tiltak som kan vera til hinder for funksjonen som midlertidig anleggsområde.

Områda skal setjast i stand i samsvar med dagens bruk, opprinneleg arealtilstand eller annan nærmare angitt stand, innan eitt år etter at ny veg er tatt i bruk. Innanfor område avsett til landbruk, skal terreng jamnast til og det skal leggjast til rette for landbruksformål. All jord skal tilbakeførast, sjå punkt om jord og matjord i §2 Fellesføresegner for heile planområdet.

Det skal utarbeidast ein plan for istandsetjing. Planen skal utarbeidast før anleggsslutt i dei enkelte områda. Planen skal leggjast fram for kommunane.

Områda skal sikrast mot at uvedkommande kjem inn, og skal til ei kvar tid vera forsvarleg sikra for folk og dyr.

Innanfor områda skal det setjast av plass til naudsynte tiltak for å hindre erosjon og forureining. Det skal gjerast tiltak for å hindre partikkelavrenning og /eller direkte avrenning frå drift knytt til veganlegget og deponi til elv, vatn, bekk og fjord.

Midlertidige tiltak som berører vassdrag skal utgreiast for hydrologiske tilhøve og omsynet til oppstuving, erosjon, vassføring og flaum. Bekkar som vert lukka for gjennomføring av midlertidige tiltak skal reetablerast som open bekk etter endt anleggsperiode. Reetablering skal omfatte tilrettelegging for vegetasjonsetablering i minimum 6 meter bredde frå bekkkant. Ved permanente terrengendringar (i masselagringsområda, område med geotekniske tiltak mv) skal bekkar leggjast om, rundt eller over fylling, eventuelt under fylling der anna omlegging ikkje kan føre vatnet tilbake til opphaveleg vassveg.

Innanfor områda avsett til deponi og/eller bakkeplanering skal det etablerast naudsynte tiltak for å samle og reinse avrenningsvatn før utslepp til resipient.

Før deponering og/eller bakkeplanering kan igangsetjast, skal det gjennomførast geoteknisk utgreiing som dokumenterer tilstrekkeleg områdestabilitet for tiltaket. Utgreiing skal gjennomførast av fagkyndige.

Fyllingane skal utformast med ei naturleg terrengutforming, tilpassa tilgrensande terreng. Områda kan innanfor desse rammene fyllast opp med massar med maksimal høgd og maksimalt volum som angitt i punkt 3.4.1 under «Landbruk-, natur- og friluftformål.»

Ved permanent eller midlertidig avgraving av lausmasser skal fraksjonane matjord, skogsjord og mineraljord haldast adskilt og handterast kvar for seg.

5.1.2 Midlertidig anleggsområde, #1 og #2

Tilkomst til merka tursti må sikrast gjennom heile anleggsperioden med midlertidig trase gjennom område merka #1.

Innanfor område #1 og #2 i Rørvika skal det etablerast avskjerande grøft og elva leggjast om under anleggsarbeidet og sidan permanent. Deponiet skal etablerast i samsvar med landskapsplan, jfr. punkt 3.4 LNFR. Endring i terreng som fylgje av deponi og nytt/omlagt bekkeløp, skal vurderast av geoteknisk fagkyndig i høve til stabilitet og erosjonsfare. Det skal utarbeidast ein fyllingsprosedyre før arbeidet tar til, jfr. punkt 3.4.1.

Fyllingsprosedyren skal ta omsyn til eventuelle stabilitetsutfordringar som vert avdekka. Nytt bekkeløp må modellerast og eventuelt behov for erosjonssikring må dimensjonast og utformast i høve til framgangsmåte i NVEs Sikringshåndbok. Kartlegging av flaumfare (flaum- og vannlinjeberekning) skal utførast før anleggsstart. Tilstrekkeleg tryggleik mot flaum skal dokumenterast av fagkyndig i samsvar med punkt 4.4 Faresone flaum (H320), for heile #1 og #2, òg den delen som ligg utanfor omsynssone H320. Flaumfare skal ikkje auke for allmenne eller private interesser som fylgje av tiltaka, og nye stikkrenner under anleggsveg skal prosjekterast slik at dei naturlege dreneringslinene i området vert oppretthaldne, og flaumfaren ikkje aukar som følge av endra feltgrenser.

5.1.3 Midlertidig anleggsområde, #4

Innanfor sona #4 skal det etablerast avskjerande drenering /rensedam i samband med midlertidig anleggsveg og deponi og med det hindre avrenning til bekk /elv og fjord. Naturlege dreneringslinene i området skal oppretthaldast.

5.1.4 Midlertidig anleggsområde; område for permanent masselagring, #2, #5, #9 og #55

Områda gjeld permanente deponi i Rørvika, Hestvika og Heilevang. Innanfor desse områda er det tillate med oppfylling med anbrakt massar innafør rammer som er omtala for områda i samsvar med L1, L4, L11 og L54, **if. pkt. 3.4.**

5.1.5 Midlertidig anleggsområde #5

#5 er sjekka ut for skredfare og funne tilstrekkeleg trygt for riggområde med meir organisert opphald, til dømes kontor- og brakkerigg samt lunsjrom i tillegg til lager, verkstad og andre tilriggingsfunksjonar.

Innanfor sona #5 skal det etablerast avskjerande drenering /rensedag i samband med midlertidig anleggsveg og deponi og med det hindre avrenning til bekk /elv og fjord. Naturlege dreneringslinene i området skal oppretthaldast.

5.1.6 Midlertidig anleggsområde #7 og #9

Innanfor sona #7 og #9 skal det etablerast avskjerande drenering/rensedam i samband med midlertidig anleggsveg og deponi og med det hindre avrenning til elva og Sagevatnet. Alt vatn frå anleggsområde, veg og tunnel skal leiast utanom elva og Sagevatnet. **Innanfor sone #7 er det tillate med arbeid knytt til bakkeplanering av hage på eigedom 80/4 i Hestvika.**

#9 er sjekka ut for skredfare og funne tilstrekkeleg trygt for plassering av midlertidig riggområde, til dømes lager, verkstad eller tilsvarande.

5.1.7 Midlertidig anleggsområde, område for leidningar i grunnen, #10 og #50

I området er det tillate med anleggsarbeid og tiltak nytt til etablering samt vedlikehald av overvass-system /-leidningar frå veganlegget og ev. bekkar til sjø. Dersom det er behov for avskjerande drenering /rensedam i samband med midlertidig anleggsarbeid kan dette etablerast innanfor område for å hindre avrenning til bekk/elv og fjord.

5.1.8 Midlertidig anleggsområde # 11 og #52

Innanfor område #11 og #52 er det tillate å etablere byggegrøp for tunnelportalar **og lausmassetunnel.**

5.1.9 Midlertidig anleggsområde # 12

Innanfor område #12 kan det setjast opp radiomast med tilhøyrande anlegg.

5.1.10 Midlertidig anleggsområde # 51

Område #51 er sjekka ut for skredfare i bratt terreng og funne tilstrekkeleg trygt for plassering av midlertidig riggområde, til dømes lager, verkstad eller tilsvarande føresett etablert sikring, jfr. rekkefylgjekrav punkt 6.

Delar av område #51 ligg innanfor omsynssone for kvikkleire, H390 (Heilevang). Det skal ikkje føregå masselagring i området utan at det er gjennomført geoteknisk utgreiing som dokumenterar tilstrekkeleg områdestabilitet for tiltaket, jfr. punkt 4.6 Annan fare (H390).

5.1.11 Midlertidig anleggsområde # 53

Innanfor området kan det leggjast på masser for å slake ut landbruksmarka. Deponiet /arbeid med bakkeplanering skal lukkast /avsluttast så raskt som mogleg for å redusere avrenning til elv og fjord. Område #53 kan nyttast til riggområde føresett etablert sikring, jfr. rekkefylgjekrav pkt. 6. Innanfor #53 er det tillate med dreneringstiltak frå midlertidig anleggsområde #55.

Innanfor #53 kan det gjerast mellombelse og permanente tiltak i samband med bygging og riving av bruer innanfor rammene i punkt 3.3.2 GBG.

5.1.12 Midlertidig anleggsområde # 54

Innafor #54 kan det monterast midlertidig bailey-bru over Heilevangselva **og arbeidssikring i form av** voll av lausmasser **eller mellombels fanggjerdje** sør for denne som sikring for arbeid på ny bru, jfr. rekkefylgjekrav pkt. 6.

5.1.13 Midlertidig anleggsområde # 55

#55 er sjekka ut for skredfare og funne tilstrekkeleg trygt for plassering av midlertidig riggområde, til dømes lager, verkstad eller tilsvarande.

Innanfor området er det tillate med arbeid knytt til bakkeplanering av hage på eigedom 80/4 i Hestvika. #55 sikrar tilkomst for etablering av ny bru SKV60. Innanfor #53 er det tillate med dreneringstiltak frå midlertidig anleggsområde #55.

5.1.14 Midlertidig anleggsområde #58

Innanfor dette området er det berre tillate med etablering av avskjeringsgrøfter i samband med mellombels og permanent skredsikring.

6 Rekkjefylgjesegner

Eksisterande høgspenlinje skal demonterast og leggjast om før anleggsstart.

Før anleggstart skal tursti i Rørvika leggjast om slik at denne har fri ferdsel gjennom heile anleggsperioden. Før avslutta drift skal merka turløype til Blegja reetablerast over deponiet i Rørvika. Startpunkt skal vera ved utfartsparkering og koplast til eksisterande turløype i enden av deponiet.

Før anleggsarbeidet tek til, skal det utarbeidast byggeplan og formingsrettleiar.

Før anleggsarbeidet tek til, skal det føreliggje ein plan for ytre miljø med tilhøyrande tiltaksplan. Denne planen skal sikre at alle relevante miljøkrav vert ivaretekne i anleggs- og driftsfasen.

Drikkevasskjelder skal kartfestast før anleggsstart. Det må vurderast kva vasskjelde som må erstattast og /eller sikrast. Ingen skal miste vatn eller få forringa vasskvalitet i løpet av anleggsperioden. Det må ligge føre vassprøver før anleggsstart. Før anleggsstart skal det takast tilstrekkeleg tal prøver over tid der den prøva som gir best resultat legg føringar for kvaliteten etter avslutta anleggsdrift. Vasskvaliteten skal ikkje forringast som følge av utbygginga.

Rekkefylgjekrav knytt til skredfare mot anleggsområde /-arbeid:

1. Opplegg for varsling av terskelverdiar for nedbør og vassmetting må vere på plass før alt anleggsarbeidet på Heilevang startar (gjeld alle førmålsområde på Heilevang der arbeid skal utførast).
2. Midlertidig sikringsgjerde og grøft innanfor #52 **og #56**– Tiltak må byggast før riggområdet innanfor #51 på Heilevang tilknytt varig opphald blir teke i bruk (verkstادتelt, parkering etc.). Områda med varig opphald må plasserast under sikringsgjerdet.
3. Permanent skredvoll på Heilevang, **o_SSA51** og del av **o_SSA50**, må opparbeidast før riggområdet innanfor **#58 #53** på Heilevang kan nyttast. Riggområde må plasserast under sikringstiltaket.
4. Bailey-bru med **lausmassevoll-mellombels skredsikring**, innanfor #54, må opparbeidast før arbeid med ny bru, **o_SKV59**, kan starte.

Vurdering av naudsynt tryggleik i høve til flaum skal utførast av fagkyndig og dokumenterast gjennom flaum- og vannlinjeberekingar eller tilsvarande før anleggsarbeid vert sett i gang, jfr. punkt 4.4 faresone flaum (H320).

Vurdering av naudsynt områdestabilitet (kvikkleire) skal utførast av geoteknisk fagkyndig og dokumenterast før anleggsarbeid vert sett i gang, jfr. punkt 4.6, annan fare (H390).

Rekkefylgjekrav knytt til flaumfare i Rørvika:

Dokumentasjon på vurderingar av flaumtilhøve og geotekniske tilhøve, jfr. punkt 5.1.2, skal ligge føre før anleggsstart innanfor mellombels anleggsområde #1 og #2. Dokumentasjonen skal sendast til NVE for uttale. Eventuelle merknader frå NVE skal vere teke omsyn til.

Avrenning til vassdrag skal sjekkast jamleg både før, under og etter tiltak for å sjå om og korleis vassdraga eventuelt vert påverka. Dette kan gjerast ved elektrofiske eller på anna tilsvarande måte. Metoden skal vere eigna til å kunne vurdere om det må innførast tiltak for å hindre erosjon og ureining.